# Vekeplan for 1.trinn | 38

| **Læringsmål** | |
|---|---|
| **Sosialt** | Me tar omsyn til kvarandre. |
| **Norsk** | Eg kan bokstavnamnet og leselyden til V - v og A - a |
| **Matematikk** | Eg kan tala 0-6 i rekkjefølgje og talvenner til 4, 5 og 6. |

***Lekser denne veka:***

| **Til tysdag** | **Til onsdag** | **Til torsdag** | **Til fredag** |
|---|---|---|---|
| <u>**Norsk:**</u><br>Les s.38 og 39 i Salto elevbok.<br>Les stjerne★ - måne -☾ eller sol ☀ - teksten.<br><br>Det er lov å lese alle☺<br><br>V - v<br><br>Hugs at Salto elevbok skal liggje heime. | <u>**Norsk:**</u><br>Les boka du lånte på Biblioteket.<br><br>Uteskule til Toreskogen.<br><br>**Hugs gode klede!**<br> | <u>**Norsk:**</u><br>Les s.42 og 43 i Salto elevbok.<br>Les stjerne -★ måne☾ - eller sol ☀ - teksten.<br><br>Det er lov å lese alle☺<br><br>A - a<br><br>Hugs at Salto elevbok skal liggje heime. | <u>**Norsk:**</u><br>Vis Flaskeposten til mor og/eller far.<br>Fortel kva du har skrive og teikna<br><br>Lever postmappe, Flaskeposten og låneboka.<br><br>GOD HELG☺<br> |
| **Måndag 13.25**<br>**Tysdag 12.15** | **Onsdag 13.40** | **Torsdag 13.40** | **Fredag 12.15** |

# Informasjon og lekseplan 38

Hei!

Takk for godt oppmøte på foreldremøte ☺.

Postmappa: Me ønsker at de tek ut vekeplanen når postmappa kjem heim måndag. Fint om me får tomme postmapper i retur allereie tysdag.

Fotografering: Det vert fotografering denne veke (veke 38).
1A: måndag
1B: onsdag
1C: onsdag

**Friluftsdag:** Fredag 20.september har 5.trinn (fadderklassane) invitert 1.trinn til friluftsdag i Toreskogen. Me går frå skulen kl.08.30 og er tilbake til mat ca kl.10.30. Dermed vart det to dagar i Toreskogen denne veka ☺.

**Blime-dans:** Fredag skal «heile Noreg» danse BliMe-dans kl. 12.00. Kleppe skule dansar utanfor aulaen.

Gymsko:
Hugs at elevane må ha med gymsko til gymtimane. Merk med namn. Dei kan liggje på skulen.

Garderoben:
Fleire elevar går heim frå skule/SFO på eigahand. Det er kjempeflott! Me ønskjer likevel at de kjem innom garderoben, minst ein gong i veka, og ser over om det trengs påfyll av skifteklede, vask av regnklede eller berre litt rydding. Pass på at knaggane ikkje er overfylt med for mykje klede. Det gjer det vanskeleg for elevane å finne fram det utstyret dei treng. Reinhaldarane får og ein lettare jobb, når det ikkje er altfor mykje klede og sko i garderoben.

Har de spørsmål eller beskjedar, send melding på Visma. Er barnet sjukt, må me få beskjed på Visma før klokka 08.00 same dag.

Ha ei fin veke ☺
Helsing oss vaksne på 1.trinn.